

# Startar nytt forlag i Bergen



**NYSTARTA FORLAG:** – Det er meir rom for å gjera egne ting i Bergen, seier Carina Elisabeth Beddari. Ho har nyleg starta TUR Forlag, som har ein skandinavisk profil.

Carina Elisabeth Beddari har nyleg starta TUR Forlag. Det første ho gjer, er å utfordra forfattarmyten.

**SIRI ØKLAND  
PAUL S. AMUNDSEN (foto)**  
siri.okland@bt.no

– Det er så lett å dyrka ideen om at forfattarar sit einsame og skriv, og innimellom gir ut dei geniale tankane sine. Faktum er at ei kvar bok som kjem ut i dag, er lesen og påverka av ei rekke folk – alt frå forfattarkollegaer til redaktørar, seier Beddari.

Ho meiner at bøker er kollektivt arbeid, og det vil ho understreka med den første bokserien ho gir ut på det nystarta forlaget.

## Kollektivbøker

«Syntesen» heiter første bok ut – ei diktsamling skriven av Tina Åmodt frå Askøy og Ida Säll frå Stockholm.

– Eg ville gjera noko som motarbeider den tradisjonelle forfattarrolla. Ved å be to og to forfattarar om å skriva saman, vil eg synleggjera at å skriva er ei kollektiv handling, seier Beddari.

Dei to neste forfattarpara som skriv saman er Hilde Myklebust og Katinka My Jones frå Danmark, og Kristin Berget og Mara Lee frå Sverige.

Trua på at det er mogleg å

driva smått, har Beddari fått frå forlaga Gasspedal og H Press.

## Nøgd med økonomien

– Dei har vore pionerar. Av Jørn H. Sværen i H Press har eg fått mange gode tips.

Om forlaget skal drivast av idealisme eller kan bli lønnsamt nok til også å bli ein arbeidsplass, veit ho ikkje enno. I første omgang er ho likevel nøgd med økonomien i prosjektet.

– Eg har fått 30.000 frå Bergen kommune og 50.000 frå Nordisk Kulturfond, og i tillegg lagt ut ein del privat. Sjølv om det er stramt, går det faktisk an å driva forlag om ein vil.

## Kontroll med alt

– Kva har vore det vanskelegaste så langt?

– Å ha kontroll over alt og vita at det er eg som har ansvaret. Det er eg som er sisteinstansen. Eg har hatt ei hand med i alt, bortsett frå trykkinga. For å sikra at det ikkje berre er min smak som tel, har eg dessutan brukt eksterne konsulentar på manus, seier Beddari.

Masteroppgåva ho skulle ha levert i mai, ligg no og godgjer seg til september. Akkurat no synest ho det er like viktig å arbeida utanfor academia, å skapa noko sjølv.

## Var ikkje i tvil

Forfattar Tina Åmodt var ikkje i tvil då ho blei spurd om å bli med på boksamarbeidet. Ho

## fakta

### Carina Elisabeth Beddari

- Fødd 1987. Er frå Pasvikdalen, bur i Bergen.
- Har starta TUR Forlag, som gir ut ein serie bøker der to og to skandinaviske forfattarar samarbeider om teksten.
- Er litteraturkritikar i Morgenbladet.
- Studerer litteraturvitenskap ved UIB.

synest det er ein styrke å vera to om teksten.

– Eg har gått på forfattarskule i Göteborg saman med Ida Säll. Me delte skriveverom, åt frosenpizza og trente i lag. Me skreiv saman den gongen òg, men dette er ikkje noko me har funne opp. Det er meir vanleg i Sverige og Danmark enn her, seier Åmodt.

Å gi ut bok på eit lite, nyetablert forlag, var det heller ikkje vanskeleg å seia ja til.

– Det er flott at det finst eldsjeler som tar risken sjølv og verkeleg vil noko. Det ligg mykje lidenskap bak. Slike småforlag har andre mål enn dei kommersielle forlaga, og det er bra med fleire forlagsprofilar. Eg synest dessutan det er stor stas å vera i selskap med dei andre forfattarane i denne serien.

## Litteratursyn

Den nye forlagssjefen har sjølv hatt forfattarambisjonar, og gjekk på Skrivekunstakademiet då ho var 19. Seks år etterpå er det ikkje like nøye med eiga skrivning.

– Eg har fått meir lyst til å vera redaktør. Eg liker å løfta andres tekstar, seier Beddari.

– Kva litteratursyn har du?

– Eg kan nok ønskja meg slike og slike bøker, men forfattarane har kunstnarisk fridom. Litteratursynet mitt får eg heller uttrykka i Morgenbladet, der eg er kritikar.



**VANSKELIG OPPGAVE:** – Når man får et slikt spørsmål, svarer man ja, sier Frode Grytten.  
FOTO: ERLAND AAS, SCANPIX

## Grytten-tekst til 22. juli-markering

– Det er vanskelig, sier Frode Grytten om teksten han skal skrive til minnemarkeringen 22. juli.

**TERJE VALESTRAND  
BODIL GARVIK**  
terje.valestrand@bt.no

– Jeg ble spurt om å skrive en tekst og svarte ja. Siden teksten ikke er ferdig, kan jeg ikke si så mye mer, sier forfatteren.

Han skal bidra på Rådhusplassen den 22. juli, ett år etter terroren.

Sammen med kollegene Åsne Seierstad og Karl Ove Knausgård skal han stå for de verbale innslagene i det TV-sendte programmet, som vil gå direkte i både NRK og TV 2. Grytten skal ikke selv stå på scenen. Teksten vil bli fremført i et videoinnslag mellom de musikalske innslagene.

– Når man får et slikt spørsmål, svarer man ja. Det er en plikt. Men jeg erkjenner at oppgaven ikke er lett, sier han.

Noen er blitt bedt om å delta, som Frode Grytten, mens andre har meldt seg selv. NRKs Charlo Halvorsen opplyste i går at flere kunstnere har bedt om å få delta på den nasjonale minnemarkeringen for 22. juli. De fleste vil oppetre med sanger skrevet for anledningen.

Av artister som skal opptre på Rådhusplassen denne kvelden er Karpe Diem, Marit Larsen, de Lillos, Mari Boine og Kringkastingsorkesteret. Andre navn kan komme til senere.

## Radio 1 Bergen sender nasjonalt

Tre år etter at Radio 1 mistet konsesjonen i Stavanger og Trondheim, satser kanalen på nasjonale sendinger med hovedbase i Bergen. Den nye kanalen skal sendes på DAB-nettet over hele landet, i tillegg til FM-båndet i de fire største byene. Det er første gang en lokal radiokanal i Bergen lager radio for hele landet. Det gjør de ansatte i Christian Michelsen gate litt nervøse. – Hvis vi er litt ydmyke bergensere og ikke brautende, tror jeg hele landet kan like det vi gjør, sier programsjef Cecilie Svabø.